



MØTEBOK

| | |
|-----------------|------------------------------------|
| Organ | Fylkesutvalet |
| Møtestad | Fylkeshuset - møterom Sygna |
| Møtedato | 22.09.2014 |
| Kl. | 09.00 – 10.10 |

Faste medlemmer til stades:

Åshild Kjelsnes, Ap
Nils P. Støyva, Ap
Jenny Følling, Sp
Anders Ryssdal, Sp
Noralv Distad, H
Frank Willy Djuvik, FrP
Marit Barsnes Krogsæter, V
Trude Brosvik, KrF

Forfall til møtet:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp

Varamedlemer til stades:

Anita Nybø, Sp

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Knut Henning Grepstad

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet vedtok at sakene nr. 111/14 og 112/14 vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5

Fylkesrådmannen opplyste at FU kan kome til å få seg førelagt ei sak om «Sal av gymnasbygget i Sogndal» rett i forkant av eller direkte i møtet 24.09.14.

Fylkesrådmannen opplyste at fylkeskommunen har motteke eit førelegg frå politimeistaren. Førelegget vert vurdert av Statens Vegvesen/fylkeskommunen.

SAK 111/14 Dalsfjordsambandet - forliksavtale

Ikkje offentleg Ofl § 23, 1. ledd, økonomi-, løn- og personalforvaltning

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget godkjenner forliksavtalen mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og NCC Construction AS, jf. vedlegg.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune betalar 75 mill.kr. som sluttoppgjer til NCC innan 30.september 2014.
3. Dalsfjordsprosjektet får ei tilleggsløyving på 46,3 mill.kr. Denne vert finansiert ved slike omdisponeringar:
 - 6,1 mill. kr : Buffer for store prosjekt – på investeringsbudsjettet i 2014
 - 8,0 mill. kr : Driftsløyving til skadefond fylkesveggar i 2014
 - 10,5 mill. kr : Disposisjonsfond, avsett ved årsavslutninga i 2012
 - 13,7 mill. kr : Skadefond på fylkesvegnettet
 - 8,0 mill. kr : Mva. refusjon

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Saka vert utsett.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Saka vert utsett.

SAK 112/14 Søknad om fritak frå styreverv i F1 Holding AS

Ikkje offentleg Ofl § 23, 4. ledd, eigardokument

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkesutvalet fritar Åshild Kjelsnes frå vervet som medlem og leiar av styret i F1 Holding AS.
2. Fylkesutvalet peikar ut ny styremedlem til F1 Holding AS for resten av perioden Åshild Kjelsnes er valt, dvs. ut valperioden 2011-2015:
3. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som ny styreleiar i F1 Holding AS for resten av valperioden 2011-2015:
4. Fylkesutvalet ber styreleiar i F1 Holding AS kalle inn til ekstraordinær generalforsamling for nyval av styremedlem og styreleiar.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Saka vert utsett.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Saka vert utsett.
